

Møtereferat 7.

Møtestad: Smia, Hornindal

Tid: måndag 25.9.17, kl 18.00 – kl 20.30

Innkalling: Sonja Håvik

Til stades:

Odd. A. Folkestad

Kari A. Hasle

Torunn Lødemel Stokkeland

Jon Tvinnereim

Svein Otto Espe fekk ved ein inkurie ikkje innkallinga, og han møtte difor ikkje.

Referatet frå møtet 4.9.17 vart samrøystes godkjent.

Komiteén for nytt kommunenamn og heraldikk såg på dette møtet for første gong på dei innkomne forslaga. For å sikre anonymiteten vart alle forslaga lagde i nye, identiske konvoluttar. Samtidig vart forslaga viste fram, men ikkje vurderte nærmare.

Det synt seg at det i alt var 53 forslag, ikkje 51, som det står i referatet frå møtet 4.9.17. (jf. den korrigererte lista som ligg ved her).

Deretter vart spørsmålet om forslaga skal leggjast ut på heimesidene til dei to kommunane, drøfta, men utan å konkludere. Eventuelt val av motiv for kommunevåpenet vart også diskutert. På grunn av at ein medlem i komiteén ikkje var til stades, vart også det spørsmålet utsett til neste møte.

Det neste møtet i komiteén blir halde tysdag 3.10. klokka 18 00 i Volda rådhus.

Leiaren tok på seg å syte for skanning av alle dei 53 forslaga med hjelp frå administrasjonen i Volda rådhus. Originalane blir no oppbevarte i Volda rådhus. Namnekonvoluttane er framleis i varveitsla til Hornindal kommune.

Referent:

Jon Tvinnereim

Leiar og sekretær i komiteén